



Goman Rognaldsen AS  
Veråsvegen 234  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2968 - 16/27181

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
05.10.2016

## Oppsummering etter synfaring 23.09.2016 - gbnr 108/88 Lindås

### Til stades

Frå Goman Rognaldsen AS: Tom Larsen og Thomas Larsen

Frå Lindås kommune: Arne Helgesen (avd.leiar vatn og avløp), Grethe Elin Mjelde (teknisk hygienisk ingeniør) og Anne Lise Molvik (rådgjevar byggesaksavdelinga).

### Bakgrunn

Lindås kommune har mottatt fleire meldingar frå innbyggjarar i Ådnevikla som gjeld forureining i sjø og støy frå verksemda Goman Rognaldsen AS. Når det gjeld forureining i sjø er det ved fleire tilhøve send inn meldingar om feitt i sjøoverflata. Meldingar om støy gjeld støy frå vifter, kompressorar og verksemda generelt.

Grunneigar vart varsla om synfaringa på førehand.

### Forureining i sjø

Lindås og Meland brannvern har, etter melding om forureining i Ådnevikla laurdag 17. september, lagt ut lenser i sjøområdet nedanfor kloakkpumpestasjonen. I same område ligg kjølevassinntaket og –utløpet, overvassleidningen og overløpet frå avløpsanlegget. Det går også ein bekk ut i sjøen i dette området. Ved synfaringa var det registrert noko «blue shine» i området innanfor lensene. Utanfor lensene var det krusningar på sjø og ingen forureining å sjå.

Det var synlege spor etter kloakk i området nedstrøms kloakkpumpekommen. Dette har truleg kome som resultat av arbeidet med utskifting av defekt pumpe som låg på bakken. Det var ingen synlege spor av overløp frå kloakkpumpekommen.

Det vart stilt spørsmål om rutiner og kva overvakingssystem som er knytt til avløpspumpestasjonen. Drift og vedlikehald av kloakkpumpestasjonen synast vera mangelfull. Pumpestasjon har ikkje redudant løysing, kun ei pumpe. Ved feil på pumpa som krev reparasjon eller utskifting, vil stasjonen gå i overløp. Dette har kommunen tatt opp med verksemda, og foreslått at ein har ei identisk pumpe i reserve, slik at ein enkelt kan skifta pumpe dersom den er defekt.



Feittutskiljaren på staden er den opprinnlege feittutskiljaren som vart montert i samband med verksemda til Sletten Hansen AS, dvs at feittutskiljarean er over 30 år gamal. Det vert stilt spørsmål ved om feittutskiljaren har tilstrekkeleg funksjon og om kapasitet/storleik er tilpassa den verksemda som er på eigedomen i dag.

Dokumentasjon av forholda omkring avløpsanlegget og feittutskiljaren for verksemda vert følgd opp i eiga sak.

#### **Usikra kum**

Pumpekum var usikra og utan forskriftsmessig lokk. Det vart opplyst frå verksemda at nødvendig sikring vil bli utført snarast. Kommunen vil vurdera pålegg om sikring.

#### **Støy:**

Det var observert støy frå vifte, ventilasjonsrom, kompressorar og frysemotor. Sistnemnde er ny frå mai 2016. Frysemotor var montert på betong, og hadde ikkje vibrasjonsklossar under. Denne hadde ikkje støyskjerm rundt eller var innebygd. Kompressor til silo er vanlegvis ikkje i bruk natt (berre unntaksvik). Det blei tilrådd å montera vibrasjonsklossar på frysemotor, og at det vert montert støyskjerm (ev. bygge inn frysemotor).

Støy frå verksmeda var konsentrert rundt fabrikk. Støy som brer seg til bustader vil vere avhengig av vindretning, vêrtilhøve, beplantning og topografi.

Det er døgntkontinuerleg drift ved anlegget. Goman Rognaldsen bakeri har ikkje utført utvendig støykartlegging.

For å avgrense støy til omgjevnaden vart det opplyst at Goman Rognaldsen bakeri skal montera ny dør til ventilasjonsrom, montera vibrasjonsklossar på frysemotor og setja opp støyskjerm rundt denne. Tiltak vil bli utført innan 14 dagar (7.10.16).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Eining for Teknisk drift, Miljøretta  
helsevern

#### **Mottakarar:**

Goman Rognaldsen AS